

---

**Fra:** Marte Solheim <martesolen@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 23. oktober 2018 20:03  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** Uttale om søknad frå Hordabø skulemusikklag

Hei Bente!

På møte idag gjekk ungdomsrådet gjennom søknaden frå Hordabø skulemusikklag om midlar til å dekke kostnadane dei hadde på showet "Norsk på Norsk". Dei søkte om 25 000kr. Ungdomsrådet syntes det var ein god søknad og me syntes det var bra at dei tok med inntekter dei sjølv fekk. Når me rekna saman kostnadane og inntekta deira kom me fram til at dersom dei fekk støtte på 25 000kr ville dei sitje med 1000kr til overs. Me synes derfor 25 000 var for mykje. Sidan kulturmidlane ligg på 40 000 (? litt usikker på om det stemmer) synest me 25 000 var for mykje å gje til eit arrangement, når det er over halve budsjettet. Det har også tidlegare i høst blitt delt ut midlar innan musikk, me syntes det var litt dumt at så mykje kulturmidlane skulle gå til korps.

Vi kjem derfor med forslag om å støtte dei med 7000,-. Dette vil dekkje kostnadene for lokale og diverse andre kostnader.

Til seinare har me eit ynskje om å få vedlagt dykkar meining om slike høyringar, før me diskuterar. Det kan verte vanskelig for oss å skulle setje ein fast pris på slike høyringar.

Berre til å ta kontakt om du har nokre spørsmål :D Ha ein fin kveld vidare!!

mvh Marte Vågenes Solheim  
Leiar v/ Radøy Ungdomsråd